



## NOTAT

**Til:** Fylkesordføreren  
**Frå:** Brit Mari Heggøy  
**Kopi til:**

**Dato:** 6. januar 2009  
**Arkivsak:** 200900010-2/HEGG  
**Arkivnr.:** 015

Viser til notat 01.12.08 med forslag til prosedyrar.

Etter møtet mellom fylkesordføreren og gruppeleiarane vert det lagt til grunn at retningslinjene skal vera som foreslått i notatet, med eit tillegg om at det som hovudregel ikkje skal gjevast dekning for overnatting for representantar som bur innafor ein radius på 4 mil i luftlinje. Retningslinjene er endra i tråd med dette.

Særlege forhold vert å ta opp med den enkelte gruppeleiar.

## Retningslinjer for forfall, overnatting og måltid i samband med møte i folkevalde organ

### 1. Forfallsregistrering

Den som er vald som medlem av fylkeskommunalt organ har plikt til å møta om det ikkje ligg føre gyldig forfall (kommunelova § 40 nr. 1). Når det gjeld kva som er gyldig forfall er det i kommentarutgåva til kommunelova teke inn m. a. følgjande:

*”Loven gir ingen nærmere veiledning om hva som ligger i dette kriteriet. Det er imidlertid her antatt at man et stykke på vei kan bygge på kriteriene i domstolsloven § 105. Som gyldig forfall etter denne bestemmelse regnes omstendigheter som fører til at vedkommende ikke uten fare for helbred eller velferd eller uten å forsømme viktige og uoppsettelige forretningar eller plikter kunne ha møtt. Selv om det her opereres med relativt strenge kriterier, synes likevel bestemmelsen å åpne for et visst rimelig skjønn. Det er nok også et faktum at reglene praktiseres meget liberalt en del steder. Man bør imidlertid vokte seg vel mot å gli ut i en praktisering som kan medføre en direkte uthuling av møteplikten. Foruten å være direkte lovstridig vil dette selvsagt kunne medføre alvorlige problemer for organets saksbehandling og beslutningsdyktighet. Ansvar for å hindre en slik utvikling vil i første rekke ligge hos det enkelte organs leder.”*

Ved innkalling til fylkestinget ligg det ved eit skjema til bruk ved forfall. Det er her krav om grunngjeving for forfallet. Skjemaet vert for ein del nytta og returnert til sekretariatet, men forfall vert også meldt telefonisk.

Til dei andre utvala vert skjemaet ikkje sendt ut og forfall vert meldt telefonisk. Det er då ikkje alltid like lett å få oppgitt grunngjeving for forfallet.

### Prosedyre

Skjema for melding om forfall skal nyttast ved innkalling til fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet og administrasjonsutvalet.

Skjemaet er lagt inn i Handbok for folkevalde på Internett og hentast der for utfylling og retur elektronisk til fylkeskommunen.

Melding om forfall skal rettast til sekretariatet som syt for innkalling av varamedlem. Dersom det ikkje let seg gjera å få tak i varamedlem, vert det opp til gruppeleiar å påleggja varamedlem å møta.

## **2. Innkalling av varamedlem**

Til vanleg vert varamedlem kalla inn telefonisk.

### Prosedyre

Når innkalling av varamedlem skjer telefonisk må sekretariatet senda skriftleg stadfesting (brev eller e-post) på kva som er avtalt med omsyn til frammøte for varamedlemer.

## **3. Permisjonar/korte fråver**

Det er ikkje uvanleg at medlemmer har forfall/permisjon for deler av møte eller møtedag. I mange tilfelle kan det vera vanskar med å få tak i varamedlem, og den som møter har krav på møtegodtgjersle uavhengig av kor lenge ein deltek i møtet.

### Prosedyre

Det vert ikkje kalla inn varamedlem for mindre enn heile møte i organet, eller heile dagar når fylkestinget går over fleire dagar.

## **4. Overnatting**

Kven som skulle få dekkja overnatting på hotell vart tidlegare grunngjeve kommunikasjonsmessig. Med nye brusamband er avstandane og reisetida ikkje så lite korta inn. Ved spørsmål om hotellrom skal dekkast, bør det utvisast skjøn. Det kan vera at skyssgodtgjersla vil overstiga overnattingskostnadene.

I innkalling til møte i folkevalde organ vert det oppgitt om det er bestilt overnatting for representantane eller om dei må gi melding dersom dei treng overnatting. Dersom det er bestilt rom, vert dei bedne om å gi beskjed om dei ikkje treng overnatting.

Sekretariatet opplever jamt at det må betalast for rom som ikkje vert brukt fordi ein ikkje får melding om at rommet ikkje skal nyttast. Det skjer også at rom vert bestilte men ikkje brukte. I tilfelle som dette er det nærast uråd å få avbestilt rom det ikkje er trong for då hotella ikkje kan selja dei til andre.

### Prosedyre

I innkallinga vert dette punktet framheva meir i teksten. Rekninga for rom som ikkje vert avbestilte og ikkje brukte, vert sendt til partigruppa.

Det vert ikkje gitt dekning for overnatting for representantar som bur innafor ein radius på 4 mil i luftlinje frå møtestaden.

## **5. Ekstra deltakarar til måltid**

Når møte i folkevalde organ vert haldne utanom fylkeshuset, vert det bestilt lunsj til representantane og dei i administrasjonen som skal vera til stades på møtet. Det vert frå tid til annan registrert at partigrupper/representantar tek med seg gruppesekretærar/andre til lunsj. På spørsmål kjem det fram at det ikkje er bestilt lunsj til desse frå partiet si side. Fylkeskommunen vert belasta kostnaden.

### Prosedyre

Dersom partia vil ha med partisekretær eller andre til måltid i samband med møte, må partigruppa sjølv bestilla og betala for måltidet.